



DEN NORSKE KYRKJA Lavik Sokneråd

Møteprotokoll Lavik sokneråd 2. sept 2021 kl. 19.00 på Alværa

Tilstades:

Tonje Førde Systad, Toril Lange, Torunn Styve, Katrin Borlaug Ringereide, Rolf Aamot, Wenche Liljedal, Karl Hjelmeland.

Ord til opning v/ Karl

Gjennomgang av møteprotokoll Lavik Sokneråd frå 10. juni 2021

Innkalling og sakliste godkjende utan merknad.

Meldingssaker:

13/21: Sidan sist.

Evaluering av gudstenestene: 2 gudstenester i juli vart gjennomførde med tilsaman 1 person utanom dei deltakande. Vi vil seinare vurdere å redusere på tal gudst.i sommarferien, evt ha ei form for friluftsgudst.

Gudst.29.aug ein «opptur»- med mange tilstades, presentasjon av konfirmantar 2022 og 9 av 18 50-årskonfirmantar.

14/21: Info frå fellesrådet 24.juni og 2.sept.

15/21: Gjeldande koronarestriksjonar. Pr no kan ein vere mange på arrangement. 1-metres-regelen set likevel begrensing pga storleiken på lokalet. Kyrkjekontoret ynskjer eit fast tal på kor mange ein minst har plass til dersom ein plasserer etter 1-meters-regelen på 2.kvar benk. Vi vil oppmode kyrkjjetenarane om å ta ei oppmåling av dette.

16/21: Referat frå møte om Helgestunder. Det vert utgjeving i oktober og desember. I desemberutgåva vert Lavik sokn utfordra til at ein person skriv «Mi salme»; om ein salme ein er glad. Sokneråda vert oppmoda om å skrive om det som skjer i sokna- gjerne både før og etter.

17/21: Brev frå biskopen om Bjørgvin si vennskapskyrkje på Cuba. Vi vert oppmoda om å ha offer til denne kyrkjelyden.

18/21: Verdibergingsplan for kyrkjene i tilfelle brann. Kyrkjjetenarane vil få i oppgåve å lage ei prioritert liste over inventar som skal/bør bergast ut i tilfelle brann. Brannvesenet lokalt bør ha nøkkel til kyrkja, vi føreslær nøkkelboks – både til kyrkja og til safen der sølvet vert oppbevart.

19/21: Kyrkjeleg organisering. Høyring kjem.

20/21: Bedehuset i Høyanger vert no leigd frå gong til gong av Høyanger sokneråd /HKF

21/21: Vasslekkasje i kyrkja er lokalisert og står øvst på HKF si prioriteringsliste for utbetring.

22/21 Kyrkjetenarar i Lavik. Vi ser at det om ikkje altfor lenge kan bli behov for å leite etter nye krefter – sjå oss om etter nokon som kan lærast opp til å avløyse dei faste kyrkjetenarane innimellom.

Vedtaksaker:

Sak 21/21: Gudstenesteplanen med kyrkjevert, klokkar og takkoffer. Vi fordeler oppgåvene ut oktober

Sjå vedlegg

Sak 22/21: Gåve til konfirmantane.

Vedtak: I tillegg til jubileumsboka til Lavik kyrkje (som det er gjort vedtak om at alle konfirmantane skal få), gir soknerådet også 1 rose til kvar. Torunn bestiller rosene, og spør Monica om å dele dei ut.

Sak 23/21: Vask av kyrkja.

Før konfirmasjonsgudsteneesta må det vere vaskedugnad i kyrkja.

Vedtak: Wenche organiserer vasking – truleg onsdag 8.sept..

Sak 24/21: Aktivitetar hausten 2021.

Mat og prat

Sidan hausten 2020 har soknerådet fleire gonger prøvd å invitere til Mat og Prat, men Covid 19 har gjort det vanskeleg. Mat og Prat er eit resultat av spørjeundersøkinga hausten 2019 og ei utfordring soknerådet fekk av biskopen i samband med visitasen i desember 2019. Tema for første samling var: Dei 10 boda i ei moderne tid. Geir Sørebo skulle innleie.

Vedtak: Prøver vi å få til Mat og Prat i haust, med same tema og same innleiar. Toril spør GS om kva dag ila sept/okt det kan passe.

Salmekveld

2 eller 3 gonger har soknerådet invitert til salmekveld i kyrkja i siste halvdel november. Tema har vore m.a.jule – og adventssalmar, kvinnelege salmediktningar. Fleire har medverka ved å fortelje bakgrunnen for nokre salmer.

Vedtak: Det vert salmekveld i kyrkja tysdag 30/11 eller onsdag 1/12, avhengig av om Lavik kantori kan delta på tirsdagen.

Sak 25/81:

Trusopplæring hausten 2021

Konfirmant 2022. Det er 9 konfirmantar i Lavik dette året. Samlingane vert delvis saman med Sørsida og Hyllestad. Ein satsar på nokre lengre samlingar, m.a. eit heildagsopplegg saman med «farmen-presten» m.fleire.

Opplegg for born:

Vedtak

Det er planlagt 3 T-dagar for born i alderen 2.-4.klasse på Alværa ilt hausten,

Det er planlagt 3 fredagskveldar på Alværa for born i alderen 5.klasse og oppover. 24/9, 22/10 og 19/11.

I tillegg vurderer vi å utvide den eine fredagen med overnatting og ein familiedag på lørdagen (19.-20.nov.

Sak 26/21: Møteplan hausten 2021. Begge på Alværa.

Vedtak: Møte i Lavik sokneråd vert torsdag 21/10 og torsdag 25/11

Eventuelt:

Kva skjer i samband med søknaden om å fjerne benkar i kyrkja?

Lavik 03.09. 2021

Torunn Styve, ref.

